

FØRESEGN OM ANLØPSAVGIFT OG GEBYR I AURLAND KOMMUNE SITT SJØOMRÅDE OG FORRETNINGSVILKÅR FOR VEDERLAG OG TENESTER I KOMMUNALE HAMNER

INNHALDSLISTE

1. FØRESEGN OM ANLØPSAVGIFT OG GEBYR
 - 1.1 *Anløpsavgift*
 - 1.1.1 Heimel og formål
 - 1.1.2 Avgiftsområde
 - 1.1.3 Utrekning av anløpsavgift
 - 1.1.4 Avgift betalast
 - 1.1.5 Tilkøstmelding/førehandsmelding
 - 1.1.6 Dobbel avgift for fartøy som ikkje sender tilkøstmelding
 - 1.1.7 Betalingssatsane står til slutt i føresegna.
 - 1.1.8 Fritekne for betaling av anløpsavgift
 - 1.1.9 Kostnadsreduserande rabattordningar
 - 1.1.10 Isavgift
 - 1.2 *Gebyr*
 - 1.2.1 ISPS-gebyr
 - 1.2.2 Avfalls-gebyr
2. FORRETNINGSVILKÅR
 - 2.1 *Vederlag og inntekt frå hamnetenester*
 - 2.1.1 Kaivederlag
 - 2.1.2 Kostnadsreduserande rabattordningar
 - 2.1.3 Fartøy under 15 meter
 - 2.1.4 Passasjer-vederlag
 - 2.1.5 Vare-vederlag
 - 2.1.6 Grunnsats
 - 2.1.7 Bulk og partilaster
 - 2.1.8 Vederlag for overliggjande varer
 - 2.1.9 Fortøyings-vederlag
 - 2.1.10 Vatn.
 - 2.1.11 Plikt til å kopla seg til landstraum.
 - 2.1.12 Innkrevjing av kaiagebyr, vederlag og betaling for tenester
 - 2.1.13 Fast avtale om leige av kaianlegg og hamneinnretningar
 - 2.1.14 Ettergiving og nedsetjing av avgifter og vederlag
 - 2.1.15 Doble kaivederlag for ekstra arbeid på grunn manglande tilkøstmelding.
 - 2.1.16 Meirverdiavgift
 - 2.1.17 Varigheit
3. BETALINGSSATSAR
 - 3.1 *Prisliste*

1. FØRESEGN OM ANLØPSAVGIFT OG GEBYR

1.1 Anløpsavgift

1.1.1 Heimel og formål

Etter lov av 2009-04-17-19 – *Lov om havner og farvann*(HFL) og etter forskrift av 2010-12-20-1762 – *Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift*, skal anløpsavgifta dekkja kommunen sine kostnader ved utøving av offentlig myndede med heimel i denne lov og forskrift, og i tillegg dekkja kostnader for å leggja til rette for sikker og god framkomst i kommunen sitt sjøområde.

Så langt kostnader ikkje kan dekkast inn ved betaling i den enkelte hamn, dekkast også kostnader ved administrasjon, planlegging, utbygging og drift av kommunen sine anlegg og hamnemessige innretningar av inntekter frå anløpsavgifta.

1.1.2 Avgiftsområde

Avgiftsområde samsvarar med Aurland kommune sitt sjøområde og omfattar heile Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden til kommunegrense mot Vik og Lærdal kommunar.



Grense for Aurland kommune sitt sjøområde

1.1.3 Utrekning av anløpsavgift

Anløpsavgifta vert utrekna på grunnlag av fartøyet sin bruttotonasje(BT) fastsett i

samsvar med målekonvensjonen av 1969. Om fartøyet ikkje er mælt, vert tonnasjen fastsett av hamneadministrasjonen, j.fr. Fiskeridepartementet sine retningslinjer/avgjersler.

For fritidsbåtar utreknast avgiftene etter største lengde i meter.

1.1.4 Avgift betalast

Anløpsavgift betalast for kvart anløp i sjøområdet. For fartøy som trafikkerar Aurland kommune sitt sjøområde fleire gonger på same dato, vert avgifta ilagt berre ei gong. Fartøy som ligg samanhengande til kai betalar ny avgift for kvar påbegynt veke.

1.1.5 Tilkomstmelding/førehandsmelding

Førar av fartøy eller en representant for fartøyet skal gi førehandsmelding til Aurland Hamnevesen KF før fartøyet kryssar grensa til Aurland kommune, om rå minst 24 timar før tilkomst. Førehandsmeldinga kan sendast på e-post, telefaks eller direkte melding over telefon slik det står på heimesida <http://aurlandhavn.no>.

Endring eller kansellering av anløpet skal førehandsmeldast på samme måte.

1.1.6 Dobbel avgift for fartøy som ikkje sender tilkomstmelding

Fartøy som let vera å melda frå om anløp slik dei skal etter HFL §22 si forskrift av [2009.12.15 nr 1545](#): (FKD) "Forskrift om ankomst- og avgangsmeldinger og om adgang til fartøy, anlegg og innretninger" vil verta kravd eit vederlag for meirarbeid tilsvarende anløpsavgifta for fartøyet.

1.1.7 Betalingssatsane står til slutt i føresegna.

Betalingssatsane for anløpsavgifta står saman med satsane for gebyr og vederlag til slutt i dokumentet.

1.1.8 Fritekne for betaling av anløpsavgift

er fartøy som går til hamn berre for å setja i land los, mannskap, sjuke eller døde eller som går til p.g.a. uver, skade, naudstilstand eller kontroll. Det same gjeld redningsfartøy, krigsfartøy, utanlandske som norske og fartøy som tilhøyrer den norske eller frammande stat, når dei ikkje driv forretningsmessig verksemd.

1.1.9 Kostnadsreducerande rabattordningar

For fartøy i rutetrafikk og fartøy med fast tilhald i kommunen kan hamnestyre inngå årleg avtale som inneber reduserte kostnader for hamneadministrasjonen.

1.1.10 Isavgift (HFL §64, jf. forskrift nr. 1077 av 02.12.1994 § 12)

I sjøområde der issituasjonen kan skape hindringar for den alminnelege ferdsel, kan hamnestyre avgjera at det til dekning av kostnadene til isbryting i tidsrommet mellom 1. desember og 31. mars skal innkrevjast isavgift for alle fartøy som trafikkerer Aurland sitt sjøområde.

Avgifta vert ilagt pr. anløp.

1.2 Gebyr

1.2.1 ISPS-gebyr

ISPS-gebyr skal dekke kostnader med lovpålagde oppgaver(HFL §43) til planlegging, utbygging, drift og vakthald for å førebyggja terrorhandlingar retta mot skip.

Gebyret er delt i ein fast del og variabel del som vert utrekna på bakgrunn av liggetid og tal på passasjerar.

Betaling av ISPS-gebyr gjeld for fartøy som nyttar Aurland kommune sine hamner og hamna er godkjend av Kystverket for fartøy i utanrikstrafikk.

1.2.2 Avfalls-gebyr

Avfalls-gebyr skal dekke lovpålagde oppgaver hamnene har med handsaming av skipsavfall. Ordninga skal stetta krav etter "Lov om Ureining" og tilhøyrande forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Gebyr skal betalast i alle Aurland kommune sine hamner. Fritak for avfallsgebyr er rutefartøy og fartøy heimehøyrande i kommunen som kan dokumentera eigen godkjend avfallsordning.

Gebyret er delt i ein fast minimumsdel som alle fartøy må betala eller ein del som vert utrekna etter volum og type avfall for dei som leverer avfall.

Fartøy som skal levera avfall må melda frå seinast kl. 14.00 dagen før.

2. FORRETNINGSVILKÅR

2.1 Vederlag og inntekt frå hamnetenester

Kvar driftseinheit/hamn skal i prinsippet bære eigne kostnader som dekkast av vederlag og inntekt frå hamnetenester.

2.1.1 Kaivederlag

Kaivederlag betalar fartøyet kvar gong det legg til kai og vert utrekna etter fartøyet sin bruttotonnasje.

Fartøy som brukar offentleg kai eller kai hamnevesenet disponerer, betalar kaivederlag etter satsar som oppgjevne i prislsta.

Vederlaget betalast ein gong pr. døgn når fartøyet ligg samanhengande. Framkomstdagen reknast alltid som heilt døgn.

Liggjetida reknast frå fartøyet sin tilkomst til avgang. Del av nytt døgn inntil 6 timar reknast som helt døgn.

For fartøy som må forhale frå kai og leggje til igjen innan 3 timar, reknast samanhengande liggetid. Ved lengre tids fråvær frå kai skal det gjerast frådrag ved utrekningane av liggjetida.

Fartøy som ligg utanpå eit anna ved kai, betalar kaivederlag som om det låg ved kai.

2.1.2 Kostnadsreducerande rabattordningar

Lokalruter, ferjer, godsbåtar i fast rute og fartøy som har kai plass utan passasjertrafikk, lossing eller lasting kan hamnestyre inngå avtale om kostnadmessige rabattordningar. For andre fartøy i kystrutefart med faste tilkomst- og avgangstider, kan hamnestyret etter søknad fastsette kostnadmessige rabattordningar. Det kan og gjelde spesielle transportar.

Ved inngåing av nye rabattordningar med reiarlaga skal det takast miljøomsyn. Fartøy

med skadelege utslepp av avgassar til luft og kloakk til sjø og fartøy med bylgjer som gjer skade på strandsona skal medføra mindre gunstige rabattordningar.

Minstevederlaget uansett kategori av fartøy betalast pr. døgn eller del av døgn. Båtar frå kommunen som går til kai for innkjøp o.l. er fritekne for avgift. Ligg desse båtane natta over betalast vederlag.

2.1.3 Fartøy under 15 meter og større yachtar og lystfartøy

Fiskefartøy, skyssbåtar og fritidsbåtar inntil 15 meters lengde som for kortare eller lengre periodar nyttar fast plass ved kaiar eller fortøyingsanlegg, betalar minste sats. Fartøy under 15 meter som nyttar kommunen sine faste kaiar eller flytekaiar pliktar å slå av motoren straks fartøyet ligg i fortøydd.

Yachtar og lystfartøy betalar etter lengde i meter. Dette gjeld alle typar fartøy berekna til sports- og fritidsformål, med ein skroglengde over 15 m målt etter relevant harmonisert standard og som er registrert for maksimalt 12 passasjerar, uansett type framdriftsmiddel. Det forhold at same fartøy kan nyttast til utleige har ikkje noko å seia under føresetnad at fartøyet er gjort tilgjengelig med hugnad og rekreasjon som føremål.

2.1.4 Passasjer-vederlag

Passasjervederlag er betaling for fasilitetar på land retta mot passasjerane og vert utrekna etter fartøyet sitt passasjertal.

For passasjerar (påstigande, avstigande, transitt- og rundreisande) som nyttar seg av hamnevesenet sine fasilitetar, skal det betalast passasjervederlag.

For barn vert det rekna passasjerar som rederiet sjølv har klassifisert og teke betaling for som barn. Barn betalar halvt vederlag.

Passasjervederlaga vert kravd inn på fartøyet av rederiet.

2.1.5 Vare-vederlag

Vare-vederlag er det varesendar/varemottakar som betalar for den lasta av gods og bulk som går over hamna.

Vederlaga vert kravd inn etter føresegnene sine satsar for varer som transporterast over hamna med fartøy eller lastevogn. Same vareparti kan i same hamn berre belastast ei gong med vederlag.

Førar av fartøy som ikkje har agent på staden plikter å gi hamnekontoret oppgåve over vareparti og avsendar/ mottakar.

Mottakar og avsendar av gods, ekspeditør, fartøyreiarar og andre som direkte og indirekte formidlar trafikk frå, til eller innan hamnedistriktet, er forplikta til å gi hamnemyndigheitene oppgåve over godset sin art, mengde, transport, avsending- eller tilsendingstad, passasjertal m.v.

2.1.6 Grunnsats

For gods med berre oppgjeve kubikkmål reknast $1\text{m}^3 = 1/2$ tonn og $100\text{dm}^3 = 50$ kg.

2.1.7 Bulk og partilaster

Bulk og partilaster (sand ,singel, sement, asfalt, grus, byggjevarer, fiskevarer, o.a.) vert vederlaget utrekna etter tonnpris. $1\text{m}^3 = 1,5$ tonn.

2.1.8 Vederlag for overliggjande varer

Varer eller gods må plasserast på stader hamneoppsynet viser til .

Varer som lossast på terminalområde hamnevesenet disponerer, kan liggja vederlagsfritt i 48 timar etter lossing. For bruk av terminalområde ut over dette kan hamneadministrasjonen inngå avtale om arealleige i det enkelte tilfelle. Lagring på uteareal, kaier eller skur, skjer på vareeigaren sin risiko.

Varer som vert liggjande utan samtykke, kan hamnevesenet fjerna eller lagra for mottakar eller avsendar si rekning. Vert slike varer ikkje henta innan 3 mnd. kan hamnevesenet selje varene ved offentleg auksjon etter vanleg kunngjøring.

Varer som ikkje gir sikkerheit for påløpne omkostningar eller som er lett utsett for, eller kan forsake skade, har hamnevesenet rett til å selje før utløpet av 3 mnd., eller også fjerna om det vert naudsynt.

2.1.9 Fortøyings-vederlag

Fortøynings-vederlag betalar fartøyet for å bli fortøydd ved hamna sine fortøyingsanlegg og for å bli kasta loss.

2.1.10 Vatn.

Hamnevesenet leverar berre drikkevatt frå kommunale vassverk.

2.1.11 Plikt til å kopla seg til landstraum.

I enkelte hamner er det tilrettelagt for sal av straum til fartøy. Der tilkopling til straumnett er tilrettelagt, pliktar fartøy som ligg samanhengande meir enn ein time å kopla seg til.

Hamneadministrasjonen tildelar straumuttak og tek betalt for å lesa av målar.

For fartøy under 15 meter utan fast kaiplass er straum inkludert i kai-vederlaget. Elles stipulerer hamneadministrasjonen straumforbruket der det ikkje finst målar.

2.1.12 Innkrevjing av kaigebyr, vederlag og betaling for tenester

Ved bruk av offentleg disponerte kaier, areal og innretningar, kan hamnestyret påleggja operatøren å krevja inn betaling på hamnevesenet sine vegne mot avtalt provisjon. Faste brukarar av hamneanlegg skal levere månadleg oppgåve over eigen trafikk på vedkomande anlegg.

2.1.13 Fast avtale om leige av kaianlegg og hamneinnretningar

Hamnestyret kan i staden for kaivederlag, varevederlag og passasjervederlag, inngå leigeavtale for heile eller deler av eit kaianlegg eller areal med tilhøyrande innretningar. Leiga skal dekkja kostnader som står i forhold til drifta av leigeobjektet.

2.1.14 Ettergiving og nedsetjing av avgifter og vederlag

Hamnestyret kan når særlege omstende føreligg, nedsette eller ettergi påløpen/ne avgift, gebyr og vederlag. I dette inngår ikkje kostnadsreducerande rabattordningar som nemnt under pkt. 1.1.9 og 2.1.2.

2.1.15 Doble kaivederlag for ekstra arbeid på grunn manglande ankomstmelding.

HFL § 22 "Plikt til å melde anløp og avgang" og tilhøyrande "Forskrift om ankomst- og avgangsmeldingar og om adgang til fartøy, anlegg og innretningar" pliktar fartøy å melda inn tidspunkt for anløp og avgang.

Fartøy i rute pliktar å melde inn ruteendringar.

Fartøy som nyttar kommunen sine hamneanlegg utan å melda frå, betalar doble kai-

vederlag.

2.1.16 Meirverdiavgift

Meirverdiavgifta regulerast til ein kvar tid etter lov om meirverdiavgift med forskrifter.

Alle prisar, avgifter, gebyr og vederlag (tenester), er å sjå på som eksklusiv meirverdiavgift dersom ikkje anna går fram av regulativet. M.v.a betalast etter meirverdiavgiftslova av 19. juni 1969 nr. 66 og med seinare endringar jf. St.prp. nr 1 (2000 – 2001)-Skatte-, avgifts-, tollvedtak.

Som hovudregel kan seiast at utanlandske fartøy og fartøy som skal til eller kjem frå utanlandske hamner, samt orlogsfartøy og statsfartøy med bestemte føremål, er fritekne for meirverdiavgift på avgifter, gebyr og vederlag (tenester)

2.1.17 Varigheit

Betalingsattsane og endringar av desse, trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyret avgjer. Mindre justeringar av enkeltsatsar m.v. kan vedtakast av hamnestyret og brukast når formannskapet er underretta om endringa.

3. BETALINGSSATSAR

3.1 Prislister (alle priser er eksklusiv mva)

Anløpsavgift Av dei første 5000 BT Av dei neste 5000 BT Av over 10 000 BT Rabattordningar for fartøy som er registrert i ESI Register. Index gjev rabatt i prosent.	Kr. 0,28 pr. BT Kr. 0,24 pr. BT Kr. 0,19 pr. BT ESI score X, Gjev X% i rabatt.
ISPS-gebyr Fartøy for inntil 500 passasjerar 1 vakt Fartøy for inntil 1000 passasjerar 2 vakter Fartøy for meir enn 1000 passasjerar 3 vakter Fast del (inkl. PFSO utan vakt)	Kr. 850,00 pr. time (inkl. fast del) Kr. 1000,00 pr. time (inkl. fast del) Kr. 1150,00 pr. time (inkl. fast del) Kr. 650,00 pr. time
Avfalls-gebyr Minimumskostnad 1stk 22m ³ konteinar inkl. 2 timar venting 1stk 35m ³ konteinar inkl. 3 timar venting 2stk 22m ³ konteinarar inkl. 4 timar venting 2stk 35m ³ konteinarar inkl. 5 timar venting Levering Transport av matavfall Venting utover det som er stipulert Sein bestilling	Kr. 100,00 pr. anløp Kr. 3 500,00 Kr. 4 500,00 Kr. 5 500,00 Kr. 6 500,00 Kr. 1 960,00 pr. tonn Kr. 2 500,00 ekstra Kr. 800,00 pr. time Kr. 1000,00
Kaivederlag Av dei første 500 BT Av dei neste 500 BT Av dei neste 4 000 BT Av dei neste 45 000 BT Av over 50 000 BT Yachtar og lystfartøy med lengde 16 meter av dei neste 9 meter av dei neste 25 meter av over 50 meter Minste avgift uansett kategori Båtar < 15m med fast plass eller	Kr. 0,83 pr. BT Kr. 0,73 pr. BT Kr. 0,67 pr. BT Kr. 0,62 pr. BT Kr. 0,57 pr. BT Kr. 100,00 Kr. 100,00 pr. meter Kr. 80,00 pr. meter Kr. 60,00 pr. meter Kr. 50,00 pr. døgn Kr. 350,00 pr. påbyrja månad Kr. 1500,00 pr. år.
Vederlag for å fortøya/kasta loss Av dei første 5000 BT Av dei neste 5000 BT Av over 10 000 BT	Kr. 0,40 pr. BT Kr. 0,30 pr. BT Kr. 0,20 pr. BT
Vare-vederlag Grunnsats 1 m ³ = 0,5 tonn Bulk og partilaster 1m ³ = 1,5 tonn Overliggjande varer (utover 48 timar)	Kr. 20,00 pr. tonn Kr. 5,00 pr. tonn Kr. 2,50 pr. m ²
Passasjer-vederlag Vaksne Barn	Kr. 14,00 Kr. 7,00
Vatn	Kr. 15,50 pr. tonn (m ³)
Straum Avlesing	Kr. 1,40 pr. kWh Kr. 250

